

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	17.09.2024
Vår referanse	2024/37237-3
Dykkar referanse	68a7f9d7-b008-4237-a323-
Sakshandsamar	49e03e40f684
E-post	Knut Martin Karlsen
Telefon	Knut.Martin.Karlsen@vlfk.no

Fråsegn til søknad - uttak av grunnvatn i Bjordal - gnr. 20 bnr. 1 Førde - Høyanger kommune

Vestland fylkeskommune har motteke søknad frå Osland Genetics AS om løyve til uttak av grunnvatn på gnr./bnr. 20/1 i Førde, Høyanger kommune.

Bakgrunn:

Osland Genetics AS søker om løyve til å ta ut inntil 70 l/s grunnvatn for å sikre stabil vassforsyning til sitt stamfiskanlegg. I søknaden er det lagt fram fleire argument for behovet, inkludert stabil forsyning gjennom året og oppskalering av produksjonen.

Vurdering:

Det er positivt at bedrifta vurderer miljøtiltak som overvåkingsprogram for å sikre at grunnvassuttaket ikkje får negativ påverknad på nærliggjande vassressursar og økosystem.

I søknaden er det definert fire miljø, inkludert at grunnvassuttaket ikkje skal påverke vassforsyning til naboar, endre saltinnhald i vatnet, vassføringa i elva ikkje skal bli målbart endra, eller redusere landbruksproduktiviteten i området. Dette er viktige avgrensingar som fylkeskommunen støttar.

Fjordselva har allereie låg vassføring i periodar, og det er viktig å sikre at elva opprettheld ei tilstrekkeleg vassføring for å ivareta biologisk mangfald og naturlege prosessar i vassdraget. Vassførekomsten (069-107-R) har i dag godt økologisk potensiale etter vassforskrifta, og tiltaket må ikkje redusere det økologiske potensiale.

Overvåkingsprogrammet må også vere tilstrekkeleg for å fange opp eventuelle uønska effektar på det lokale økosystemet. Dette inkluderer overvaking av grunnvassnivå, kvalitet, og potensielle verknadar på både jordbruk og nærliggjande vassførekomstar.

Konklusjon:

Vestland fylkeskommune har ikkje innvendingar til at løyve vert gjeve under føresetnad av at lågvassføringa i Fjordselva vert sikra, at overvåkingsprogrammet vert nøye følgt opp, og at det vert stilt strenge krav til miljøovervaking og eventuelle avbøtande tiltak. Fylkeskommunen legg også vekt på at tiltaket skal ha minimal påverknad på både dei lokale ressursane og det lokale miljøet.

Med helsing

John Anton Gladsø

seniorrådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Knut Martin Karlsen

rådgjevar

NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

høyanger kommune